

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 16.09.2014

**AUSTRHEIM- OG LINDÅS KOMMUNE
DETALJREGULERING FOR JOHAN SVERDRUP OLJERØYRLEIDNING FRÅ
BERGSVIKHAMN TIL MONGSTAD
OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 blir det varsla oppstart av detaljregulering for oljerøytrase frå Bergsvikhamna til Mongstad.

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-9 vert forslag til planprogram for konsekvensutgreiing lagt ut til offentleg ettersyn.

Austrheim kommunestyre gjorde 20.08.2014 i sak 095/14 vedtak på vilkår om å legge planprogram for detaljreguleringsplan Ojerøyrrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad ut til offentleg ettersyn. Vilkåret er at offentlege vassleidning gjennom oljerøyrtunnelen til Johan Sverdrup i Austrheim kommune må utgreiast og vurderast i planprogrammet. Kommunestyret gjorde samstundes vedtak om oppstart av planarbeidet.

Lindås kommune gjorde administrativt vedtak 04.09.2014 som delegert sak 14/5428-14/20047 vedtak om at planprogrammet for detaljreguleringsplan Ojerøyrrleidning frå Bergsvikhamn – Mongstad vert lagt ut til offentleg ettersyn på vilkår. Vilkåra er at plangrensa vert utvida til også og omfatte næringsområde N-3 i kommunedelplan for Lindåsneset-Mongstad. Det skal og takast inn punkt i planprogrammet som omhandlar tilhøvet til massehandtering innanfor planområdet og tilhøvet til kommunedelplan for massehandtering for Mongstad som er under oppstart.

Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å regulere delen av oljerøyrraseen frå Johan Sverdrup feltet til Mongstad som går over land. Dette gjeld strekninga Bergsvikhamn i Austrheim kommune til Mongstad i Lindås kommune. Planprogrammet vil legge rammene for plan- og konsekvensutgreiinga som skal utførast i samband med detaljreguleringa.

Feltet Johan Sverdrup ligg ca 270 km frå landtaket i Bergsvikhamn. Det skal leggest eit oljerøyrr frå feltet fram til Mongstad. Oljerøyrrleidninga er om lag 280 km lang, 270 km ligg i sjø. På land mellom Bergsvikhamn og Mongstad er det planlagt ca 5 km av traseen i grøft og ca 5 km i tunnel. Det er i innleiande fase av planarbeidet utarbeidd to alternative trasèar for oljerøyrrleidninga. Ein vil tidleg i planarbeidet fasteleggje trasè samt konkretisere arealbruk og legge føringar for bruk av området.

Tiltakshavar for planarbeidet er Statoil Petroleum AS. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS og Multiconsult AS

Planområdet

Planområdet er totalt ca 5 720 daa. Ein vil ved varsel om oppstart av planarbeidet ta med eit større område enn naudsynt. Dette for å sikre tilstrekkeleg areal for midlertidig anleggsområde, anleggsveggar, massedeponi, vurdering av dei alternative trasèane og tilstrekkeleg sikringssoner rundt oljerøyrr m.m. Planområdet vil bli redusert i løpet av planprosessen til kun og omfatte naudsynt areal.

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova §4-1. Vidare skal planomtalen gje ei særskilt vurdering – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn jf. Plan- og bygningslova § 4-2.

Formålet med ei konsekvensutgreiing er å få klarlagt verknaden av tiltak som kan ha vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn for reguleringsplanen.

Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført med grunnlag i vedteke planprogram etter føresegnene i plan- og bygningslova.

Planprosess

Forslag til planprogram blir sendt på høyring, samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker. Etter at frist for merknader er gått ut, vil ein i samråd med Austrheim- og Lindås kommune vurdere endringar i planprogrammet med bakgrunn i innkomne merknader. Endeleg planprogram skal fastsettast av Austrheim- og Lindås kommune.

Etter at planprogrammet er fastsett, vil ein starte utarbeiding av reguleringsplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Etter at reguleringsplanen med konsekvensutgreiing er ferdig utarbeidd vil planforslaget bli 1. gongs handsama i Austrheim- og Lindås kommune. Planforslaget vil så bli lagt ut til offentleg ettersyn jf. § 12-10 i plan- og bygningslova i 6 veker. Det vil da vere mogleg å kome med innspel og merknader til det utarbeidde planforslaget. Etter at perioden med offentleg ettersyn er avslutta vil ein gjennomgang av innkomne innspel og merknader bli vurdert og eventuelle endringar i planforslaget vil bli gjennomført før 2. gongs handsaming i Austrheim- og Lindås kommune.

Informasjonsmøte

I samband med offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid, vert det invitert til informasjonsmøte for nærare informasjon om planarbeidet.

Møtet vil bli arrangert i **Austrheim samfunnshus på Årås 21.10.2014 kl. 19:00**

Frist for innspel og merknader

Frist for innspel og merknader til offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeidet vert sett til **31.10.2014**. Det er viktig at ein ved innspel og merknader skil mellom merknader til planprogrammet og merknader til varsel om oppstart av planarbeidet. Innspel og merknader skal framsettast skriftleg og sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203 Os

eller

e-post: offentleg.ettersyn@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Austrheim- og Lindås kommune. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS ivareta i samband med innsending av planforslaget.

For nærare informasjon og spørsmål kan dette rettast til:

ABO Plan & Arkitektur AS

v/ Arne Kristian Kolstad

e-post: arne@abo-ark.no

tlf: 56570070

mobil: 95721101

eller


Multiconsult AS
v/ Bent Stensaker
e-post: bent.stensaker@multiconsult.no
tlf: 98239876

På heimesida: www.abo-ark.no – under Nabovarsler – Reguleringsplaner/Høringer er det tilgang til digitale kartutsnitt, forslag til planprogram og utlysningsteksten. Dokument ligg også for gjennomsyn på følgjande stader:

Austrheim kommune
Servicetorget
Sætremarka 2
5943 Austrheim
www.austrheim.kommune.no

Lindås kommune
Rådhuset
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
www.lindas.kommune.no

Med helsing
ABO Plan & Arkitektur AS


Arne Kristian Kolstad

Vedlegg:
1. Kart over planområdet